

Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

A9 – VAR - Referat frå møte 4.9.17

Tid: 12-14

Stad: Skodje Rådhus

Til stades:

Frode Helland, Magnar Kvalvik, Kjell Sindre Johansen, Bjørn Skulstad, David Chris Mertsching, Anne Berit Støyva Emblem, Morten Sloth-Fjordside og Kim A. Breivik.

1. Presentasjonsrunde.

Frode Helland – Skodje: Leiar for teknisk, har ansvar for plan, bygg, VA, innkjøp tek del i rådmannsteamet. Teknisk i Skodje har 6 tilsette på kontor og 7 personar ute.

Magnar Kvalvik – Skodje: Arbeider med VA, veg, renovasjon og er brannsjef.

Bjørn Skulstad – Ålesund: konstituert virksomhetsleder for VAR. Ansvar for vassforsyning, (Ålesund leverer vatn til Sula, Giske og Ellingsøy), Stedfortreder er Svein Lied. Det er 90 tilsette i virksomheten – vatn (inkl. kartverk) 27 personar derav 7 på rådhuset. På avløp er det 2 på rådhuset og 15 ute. Har ansvar for planlegging, utbygging, overtaking av anlegg, uttaler til byggesak, plan etc.

Har fellestenester som eigen del av virksomheten, desse har mellom anna ansvar for ledningskartverk, myndighetsutøving og gebyr.

Har ansvar for Bingsa næring der ÅRIM har 13 % av virksomheten, med sorteringsanlegg, industriavfall m.m.

Kjell Sindre Johansen – Haram: Einingsleiar for eigedom og teknisk drift. Har ansvar for brannvesen, vatn, avløp renovasjon, veg. Har eigen brannmester (Nils Skaar), Camilla Vaagbø Nilsen er tilsett som fagansvarleg for vatn.

Kjell Sindre har ansvar for økonomi, gebyr etc.


Mest ressurskrevjande med drift av eigedom.

David Chris Mertsching – Ålesund: Avdelingsingeniør drift avløp, Tillitsvald for Tekna.

Anne Berit Støyva Emblem – prosjektkoordinator: Er tilsett som koordinator ut 2017, skal drive prosessen til ny rådmann er på plass. Har ansvar for framdrift og prosess. Bygger strukturar og sett i gang delprosjekta.

Morten Sloth-Fjordside – Ørskog: Avdelingsingeniør VA. Har ansvar for veg, vatn og avløp. Prosjektleder for utbyggingsprosjekt. Er 5 tilsette i teknisk (kontor) 1 på byggesak, 1 på kart, 1 på eigedom, teknisk sjef i tillegg til Morten.

Kim A. Breivik – Sandøy: Leiar for tekniske tenester & brannsjef. Ansvar for plan, bygg, prosjekt, brannvesen, veg, vatn, avløp, renovasjon, hamner, oppmåling, eigedomsskatt og feiing. 3 tilsette på kontor, 5 ute og 4 reinhaldarar.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Sandøy har skifta ut det meste av hovudleidningane på Harøya siste 7 åra (eternit), skal vere ferdig i 2018. I oppstartsfasen med bygging av høgdebasseng på Myklebust med ca 1000 m³. Dette vert bygd på ca kote 60, og det er planlagt utan trykkforsterking/pumpestasjon ut på nettet. Det må truleg ver pumpe på tilførsel frå Brattvåg for å sikre oppfylling ved lågt trykk. Det vert arbeidd saman med Haram og Vegvesenet for å sikre brannvatn til Nordøyvegen.


2. Gjennomgang av mandat. Mandatet vart vedtatt av fellesnemnda 24.8.17. Mandatet kunne vore meir gjennomarbeidd, og kan ved høve endrast seinare. Følgjande innspel kom fram i møtet:
 - pkt. 1.4. Det er behov for å klargjere kva arbeidsgrupper vi treng under A9. det kom innspel på å ha ei eiga for fellestenester, og evt ei eiga for myndigheitsutøving.
 - plt.1.1. Skal delprosjektet berre omhandle kommunal vassforsyning? Bør skrivast om til å omfatte vassforsyning i nye Ålesund, delprosjektet må ha ei tilråding – strategi i forhold til overtaking av private vassverk.
 - pkt.1.2.1. Skrivefeil, står utferding, skal vere utfordring
 -
3. Status planverk.

Ålesund vil rullere hovudplan (og saneringsplan) i 2018, har ikkje tid til å avvente ny kommune. Korleis skal dette handterast i reforma, grensesnitt mellom by-, kommunestyre og fellesnemnd. Skodje har og behov for ny hovudplan, og ser at dette arbeidet må samordnast. For Sandøy, Ørskog og Haram er status noko ulik, men ingen av dei 5 kommunane har nye og oppdaterte planer. (status vert kartlagt i vedlagt kartleggingsskjema) Det vil vere behov for ei prinsippavklaring tidleg på dette spørsmålet, nye Ålesund er avhengig ei felles samordna plan og dersom det vert utarbeidd kommunevise planar før 2020 må desse samordnast. Er det realistisk at kommunane har ressursar til å utarbeide store planar i tillegg til reformarbeidet? Det er ikkje truleg utan innleie av eksterne ressursar – i alle fall for dei fire minste kommunane. Ein hovudplan er og skal vere det viktigaste styringsverktøyet for by- og kommunestyra, og det er nødvendig at dette er på plass tidleg, slik at ein sikrar seg at investeringane vert gjort der behovet er størst slik at nye Ålesund samla sett får auka og lik kvalitet på denne tenesta, jf. mål i intensjonsavtalen.
4. Innspel frå koordinator om prioritering av prosess vidare.

A9 må som dei andre starte med kartlegging av områda. Det blir utarbeidd forslag til mal med dei naudsynte opplysningane. (vedlagt). Dette vert grunnlaget for å utarbeide kunnskapsgrunnlag i mandatets punkt 1.2.1. Kunnskapsgrunnlaget må innehalde status på anlegg, organisering, tilsette, nøkkeltal m.m.

Neste trinn vert å utarbeide ein prosjektplan, der denne tek opp kva som må gjerast, kva vi bør gjere, og kva som kan vente til etter 2020.
5. Felles VA-Norm.

Det er kome spørsmål om revidering av felles VA-Norm. Delprosjektet må avklare om dette er noko vi skal prioritere å vere med på no parallelt med prosjektarbeidet.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

6. Prosjektverktøy.

Det er vedtatt at vi skal nytte «Prosjektportalen» ei t verktøy som installerast til alle prosjektdeltakarane i applikasjonen Sharepoint. Det skal vere installert til 22.9. og delprosjektleiarane får opplæring denne dagen, og har ansvar for å lære opp eigne delprosjektdeltakarar. Dette verktøyet har mellom anna modul for gjennomføring av ROS-analyse, mulegheit samskriving i dokument, deling av dokument, framdriftsplan som skal nyttast i delprosjektet.

7. Møtefrekvens.

Det er naudsynt med møte ein gong per månad. Møta skal rullere i dei fem kommunane, og vertskapet har ansvar for møterom med projektor, og mat/kaffe/vatn.

Det er behov for lengre møter enn to timar, og vi må legge inn pausar slik at ein får tid til den uformelle praten, bli kjent og utveksle erfaringar. Det kan ved behov vere aktuelt å bruke heile dagar, då det går mykje tid til reising i forhold til møtetida. Vi brukar kalender i Outlook

8. Vara til delprosjektet.

Vi treng varamedlemmar til delprosjektet, dette er hensiktsmessig at det er personar som er tett knytt til verksemda, som stedfortreder el.l. Desse treng ikkje å vere med i alle møta, men titrer prosjektmøta når prosjektmøta er i kommunen dei arbeider. Desse vil naturleg verte delaktig i arbeidsgruppene som vert organisert under A9.

9. Neste møte

Det er sendt innkalling til møte 6. oktober 9-13 i Ålesund.

7.9.17

Kim A. Breivik

Leiar for tekniske tenester

Sandøy kommune